# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 930 181 528 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | SJØTROLL HAVBRUK SJØ AS |
| Forretningsadresse: | Alfabygget 1 |
| | 5392 STOREBØ |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Morten Fjæreide |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 16.06.2025 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 17.07.2025

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | | 1 768 471 000 | 1 685 655 000 |
| Annen driftsinntekt | | | 76 265 000 |
| **Sum inntekter** | 2,8 | **1 768 471 000** | **1 761 920 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Endring i beholdning av varer under tilvirkning og ferdig tilvirkede varer | 6 | 648 976 000 | -171 606 000 |
| Varekostnad | 6 | -593 330 000 | 50 721 000 |
| Lønnskostnad | 3 | 2 495 000 | 1 557 000 |
| Annen driftskostnad | 6,8 | 1 860 238 000 | 1 908 828 000 |
| **Sum kostnader** | | **1 918 379 000** | **1 789 500 000** |
| **Driftsresultat** | | **-149 908 000** | **-27 580 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Renteinntekt fra foretak i samme konsern | | 90 721 000 | 7 627 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **90 721 000** | **7 627 000** |
| Rentekostnad til foretak i samme konsern | | 166 660 000 | 0 |
| Annen finanskostnad | | 2 000 | -85 000 |
| **Sum finanskostnader** | | **166 662 000** | **-85 000** |
| **Netto finans** | | **-75 941 000** | **7 712 000** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **-225 849 000** | **-19 868 000** |
| Skattekostnad | 7 | -79 069 000 | 200 220 000 |
| **Årsresultat** | | **-146 780 000** | **-220 088 000** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Overføringer til/fra annen egenkapital | 11 | -146 780 000 | -220 088 000 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | | **-146 780 000** | **-220 088 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker og lignende rettigheter | 4 | 309 475 000 | 309 475 000 |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **309 475 000** | **309 475 000** |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Maskiner og anlegg | 5 | 10 383 000 | |
| **Sum varige driftsmidler** | | **10 383 000** | |
| **Sum anleggsmidler** | | **319 858 000** | **309 475 000** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | 12 | 1 123 618 000 | 974 393 000 |
| **Sum varer** | | **1 123 618 000** | **974 393 000** |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 11 | 327 589 000 | 368 979 000 |
| Andre fordringer | 12 | 283 585 000 | 2 307 800 000 |
| **Sum fordringer** | | **611 174 000** | **2 676 779 000** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | | 69 000 | 86 000 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **69 000** | **86 000** |
| **Sum omløpsmidler** | | **1 734 861 000** | **3 651 258 000** |
| **SUM EIENDELER** | | **2 054 719 000** | **3 960 733 000** |
| **BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Selskapskapital | 13,14 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| Overkurs | 14 | 299 475 000 | 299 475 000 |
| Annen innskutt egenkapital | 14 | 1 163 028 000 | 1 034 734 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **1 472 503 000** | **1 344 209 000** |
| | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 14 | -639 290 000 | -492 511 000 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **-639 290 000** | **-492 511 000** |
| | | | |
| **Sum egenkapital** | | **833 213 000** | **851 698 000** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Utsatt skatt | 7 | 372 347 000 | 415 231 000 |
| **Sum avsetninger for forpliktelser** | | **372 347 000** | **415 231 000** |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **372 347 000** | **415 231 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | 8 | 486 436 000 | 1 853 293 000 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 35 497 000 | 281 602 000 |
| Kortsiktig konserngjeld | 12 | 321 626 000 | 558 907 000 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 5 600 000 | |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **849 159 000** | **2 693 802 000** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **1 221 506 000** | **3 109 033 000** |
| | | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **2 054 719 000** | **3 960 731 000** |

Til generalforsamlinga i Sjøtroll Havbruk Sjø AS

# Melding frå uavhengig revisor

**Konklusjon**

Vi har revidert årsrekneskapen for Sjøtroll Havbruk Sjø AS som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

**Ytterlegare informasjon**

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

**Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen**

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Torgallmenningen 14, 5014 Bergen, P.O, Box 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Bergen, 7. mai 2025
**PricewaterhouseCoopers AS**

Ole Martin Waage
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

**Securely signed with Brevio**

Revisjonsberetning

**Signers:**

| *Name* | *Method* | *Date* |
|---|---|---|
| Waage, Ole Martin | BANKID | 2025-05-07 16:55 |

**This document package contains:**

- *Closing page (this page)*
- *The original document(s)*
- *The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.*

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

### Årsberetning Sjøtroll Havbruk Sjø AS 2024.pdf

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Møgster, Frode | BANKID | 2025-05-14 15:35 GMT+02 |
| Fjæreide, Morten Egenæs | BANKID | 2025-05-15 09:21 GMT+02 |
| Møgster, Nina | BANKID | 2025-05-15 08:17 GMT+02 |
| Møgster, Karoline | BANKID | 2025-05-14 18:21 GMT+02 |
| Singelstad, Helge | BANKID | 2025-05-14 15:39 GMT+02 |
| Eidsheim, Nils Arve | BANKID | 2025-05-15 15:05 GMT+02 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 1D42F728CED2459F8396127676C62356

# Sjøtroll Havbruk Sjø AS

**ÅRSMELDING FOR 2024**

***Verksemda sin art og tilhaldsstad***
Sjøtroll Havbruk Sjø AS er ein del av sjømatkonsernet Lerøy Seafood Group ASA. Forretningskontoret er i Alfabygget, på Storebø i Austevoll kommune. Selskapet endra si forretningsadresse frå Sjøtrollbygget i Bekkjarvik i desember 2024. Hovudverksemda i selskapet er produksjon av atlantisk laks og regnbogeaure.

Produksjon av laks og aure krev ein lang og kompleks verdikjede. Denne inkluderer rognproduksjon, smoltproduksjon, oppdrett, slakteri og foredling. Regjeringa sitt forslag om grunnrenteskatt på oppdrett vart vedteke av Stortinget den 31. mai 2023. Dette inneber at aktiviteten som skjer i sjø, knytt til oppdrett av atlantisk laks og aure, skal skattleggjast med ein ekstra grunnrenteskatt på 25 %, i tillegg til ordinær beskatning. For å enklare kunne synleggjere, måle og rapportere verdiskapinga som skjer i sjøfasen, vart sjøaktiviteten skild ut i Sjøtroll Havbruk Sjø AS i slutten av 2022. Sjøtroll Havbruk Sjø AS og er heileigd av Sjøtroll Havbruk AS.

Totalt disponerer Sjøtroll Havbruk AS og Sjøtroll Havbruk Sjø AS 23 konsesjonar for produksjon av laks og aure i Vestland fylke, i tillegg til stamfisk-, yngel- og setjefiskkonsesjonane. Verksemda i selskapa er lagt til kommunane Alver, Osterøy, Øygarden, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Sveio og Kvinnherad.

***Selskapet si utvikling, stilling og vilkår for framleis drift***
Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rett oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga per 31.12.2024. Det har ikkje inntreffe hendingar eller forhald etter rekneskapsårets slutt som endrar denne oppfatninga. Styret og leiinga i Sjøtroll Havbruk Sjø AS legg fram årsrekneskapen under vilkår om framleis drift. Sjøtroll Havbruk Sjø AS har etter leiinga og styret si oppfatning eit tilfredsstillande driftsopplegg med tilhøyrande finansielle rammer, som moglegjer ein god utnytting av selskapets aktiva.

***Arbeidsmiljøet***
Styret vurderer det generelle arbeidsmiljøet i selskapet som tilfredsstillande. Ved utgongen av 2024 var tre personar tilsett i selskapet, omrekna til 1,5 heile årsverk. Sjukefråværet var på 0 %. Selskapet vurderer løpande behovet for iverksetting av tiltak for forbetring i alle deler av organisasjonen, i samråd med selskapet leiing og arbeidsmiljøutval.

***Likestilling***
Av tre tilsette ved utgangen av året var null kvinner. Kjønnsbalansen i selskapets styre er i tråd med Aksjeloven § 6-11a. For anna rapportering i samsvar med aktivitets- og utreiingsplikta vert det vist til Lerøy Seafood Group sin årsrapport.

***Helse miljø og tryggleik (HMS)***
Verksemda har prosedyrar og målsetjingar for rapportering av nesten-ulukker og ulukker. Avvikssystemet er sentralt i verksemda sitt arbeid med kontinuerleg betring av alle kritiske prosessar. Sjøtroll Havbruk Sjø AS skal være ei attraktiv og sikker arbeidsgjevar, og HMS integrerast i alt arbeid som utførast. Vi arbeider for eit skadefritt arbeidsmiljø gjennom å auke kunnskapen om HMS hos alle tilsette, og meiner at auka forståing og eigarskap frå både leiinga og dei tilsette, bidreg til målet om eit skadefritt arbeidsmiljø.

***Ytre miljø***
Verksemda er strengt regulert og konsesjonsbelagt. Selskapets verksemd er nært knytt til, og avhengig av, miljøtilhøva i ferskvasskjelder og nærliggande havområde. Basert på langsiktige perspektiv søkjer ein å verne og ivareta miljøet i dei områda havbruksverksemda er. Miljøaspektet er ein del av kvalitetspolitikken og ein integrert del av internkontrollsystemet i selskapet. Dette gjeld for heile verdikjeda frå rogn til matfisk. Selskapet søkjer difor til ei kvar tid å følgje opp eigne og styresmaktenes miljøkrav som vert stilt til verksemda.

Selskapet brukar store ressursar på dimensjonering av anlegg og nøter, samt rett plassering av utstyr på lokalitetane. Selskapet innfrir alle krav frå styremaktene og deltar aktivt i utvikling av nye konstruksjonar for å redusera risikoen for rømjing. Selskapet hadde i løpet av 2024 ei rømming på lokalitet Tobbholmane, kor det rømte 44 fisk. Av desse 44 vart 44 gjenfangsta.

**Åpenhetsloven**
Selskapet er ein del av Lerøy konsernet og er omfatta av Lerøy Seafood Group ASA sin konsernredegjørelse i henhold til Åpenhetsloven § 5. Konsernredegjørelsen for 2023 er publisert på Lerøy Seafood Group ASA sin nettside, www.leroyseafood.com, og konsernredegjørelsen for 2024 vil bli publisert på same nettside innan 30. juni 2025.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
1D42F728CED2459F8396127676C62356

***Reduksjon i produksjonskapasitet - Trafikklyssystemet***
Lerøy Sjøtroll-samarbeidet har fått redusert sin produksjonskapasitet gjennom trafikklyssystemet ved tre høver, i 2020, 2022 og 2024. Trafikklyssystemet har klassifiserte både produksjonsområde 3 (PO3) og produksjonsområde 4 (PO4) med raudt lys henholdsvis to og tre gongar, og dermed 6% reduksjon i MTB kvar gong. Samla er MTB i Lerøy Sjøtroll-samarbeidet trukket ned frå 48 880t MTB før nedtrekka til 42 700t MTB etter nedtrekka.

***Politisk risiko***
Styret presiserer, og samtidig beklagar, at den politiske risikoen har auka betrakteleg etter Stortingsvalet i 2021. Regjeringa, med Arbeidarpartiet/Senterpartiet og no med Arbeidarpartiet åleine, har med sin uforutsigbare skatte- og næringspolitikk gjort det svært vanskeleg å utvikle dei delane av næringslivet som er tufta på norsk privat kapital. Dei langsiktige skadeverknadene på sysselsetting og verdiskaping vil svekke privat sektor sin evne til å underbygge velferdsstaten.

Den 10. april 2025 la den norske regjeringa fram si Havbruksmelding, som foreslår betydelege endringar i det noverande konsesjonsregimet. Regjeringa understrekar behovet for fleire stortingsmeldingar og vurderingar, og eit fleirtal i Stortinget er nødvendig for godkjenning. Utfallet er derfor svært usikkert, og det er for tidleg for konsernet å konkludere om dei potensielle verknadene av meldinga.

***Utgreiing for årsrekneskapen***
Sjøtroll Havbruk Sjø AS hadde ein omsetnad på MNOK 1.768 i 2024 og eit driftsresultat på MNOK -149,9. Netto finanspostar utgjorde MNOK -75,9. Dette gav eit ordinært resultat før skatt på MNOK -225,9. Selskapet har ein rekneskapsmessig skattekostnad på MNOK -79,01, kor MNOK -34,4 er relatert til grunnrenteskatt på havbruk (redusert utsett skatt). Selskapet har eit resultat etter skatt på MNOK -146,8. Kontantstraumen til operasjonelle aktivitetar utgjorde MNOK -1.316 i 2024. Selskapet har i løpet av 2024 både betalt Sjøtroll Havbruk AS MNOK 1.632 relatert til oppgjer for biomasseoverføringa frå 2022 og motteke betaling for konsernbidrag frå tidlegare år på MNOK 1.326 frå same selskap. MNOK 1.152 av desse er frå 2022 og MNOK 174 av desse er frå 2023.

Selskapet sine samla eigedelar hadde ein rekneskapsmessig verdi på MNOK 2.055 ved årsskiftet. Konsesjonar og vassrettar er i selskapet sin balanse bokført til MNOK 309,5. Bokført eigenkapital pr 31.12.2024 er MNOK 833,2. Selskapet si evne til eigenfinansiering av investeringar er tilfredsstillande. Selskapet har god likviditet og finansieringa er tilpassa selskapets drift.

Selskapet har inngått ein samarbeidsavtale med søsterselskapet Lerøy Vest AS Sjø, kalla Delingsmodellen – som fungera på same måte som samarbeidsavtalen mellom Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS. Avtalen går ut på at all fisk i sjø vert eigd saman, og at resultatet vert delt mellom selskapa etter ein brøk som speglar talet på konsesjonar i dei to selskapa. Styret ynskjer å nytta høvet til å takka samtlege medarbeidarar for god innsats i 2024.

På selskapet si generalforsamling vil styret tilrå at verksemda sitt underskot for 2024
på TNOK -146.780 blir disponert på fylgjande vis:

| | | |
|---|---|---|
| Overført annan eigenkapital | TNOK | -146.780 |
| **Sum disponert** | **TNOK** | **-146.780** |

Selskapet er solid, har føremålstenleg finansiering og likviditet som samsvarar med selskapet si drift. Selskapet sin høgste risiko er knytt til biologien i produksjonen.

***Utgreiing for selskapet sine utsikter***
Med utgangspunkt i selskapet sine forbetringsprosessar og forventa marknadsutsikter i 2025 har leiinga og styret, i dag, forventningar om eit betre resultat før skatt i 2025 samanlikna med resultatet i året 2024.

***Ansvarsforsikring styre og dagleg leiar***
Det er teikna ordinær styreansvar forsikring i konsernet som også gjeld dotterselskapa under Lerøy Seafood Group ASA.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
1D42F728CED2459F8396127676C62356

Storebø, den 07.05 2025

| | |
|---|---|
| *Helge Singelstad*<br>*Styreleiar* | *Frode Møgster*<br>*Styremedlem* |
| *Bjarne Reinert*<br>*Styremedlem* | *Karoline Møgster*<br>*Styremedlem* |
| *Nina Møgster*<br>*Styremedlem* | *Nils Arve Eidsheim*<br>*Styremedlem* |
| *Morten Fjæreide*<br>*Dagleg leiar* | |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
1D42F728CED2459F8396127676C62356

Admincontrol

# List of Signatures

Page 1/1

**Regnskap Sjøtroll Havbruk Sjø AS 2024.pdf**

| Name | Method | Signed at |
|---|---|---|
| Fjæreide, Morten Egenæs | BANKID | 2025-05-15 09:20 GMT+02 |
| Møgster, Nina | BANKID | 2025-05-15 08:16 GMT+02 |
| Møgster, Karoline | BANKID | 2025-05-14 18:22 GMT+02 |
| Singelstad, Helge | BANKID | 2025-05-14 15:38 GMT+02 |
| Møgster, Frode | BANKID | 2025-05-14 15:34 GMT+02 |
| Eidsheim, Nils Arve | BANKID | 2025-05-15 15:06 GMT+02 |

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 2A83A27F88E64B4585BEA1C865261431

## Sjøtroll Havbruk Sjø AS

# Årsrekneskap 2024

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
2A83A27F88E64B4585BEA1C865261431

# Resultatrekneskap

Sjøtroll Havbruk Sjø AS pr 31.12.2024

**Alle tal i heile NOK 1.000**

| 2024 | | Note | 2023 |
|---|---|---|---|
| 1 768 471 | Salgsinntekter | | 1 685 655 |
| 0 | Andre driftsinntekter | | 76 265 |
| **1 768 471** | **Sum driftsinntekter** | 2,8 | **1 761 920** |
| -593 330 | Varekostnad | 6 | 50 721 |
| 648 976 | Behaldningssendring | 6 | -171 606 |
| 2 495 | Lønnskostnader | 3 | 1 557 |
| 0 | Avskriving varige driftsmidlar og konsesjonar | 4 | 0 |
| 1 860 238 | Andre driftskostnader | 6,8 | 1 908 828 |
| **1 918 380** | **Sum driftskostnader** | | **1 789 501** |
| **-149 909** | **Driftsresultat** | | **-27 580** |
| 90 721 | Renteinntekt frå foretak i same konsern | | 7 627 |
| 0 | Anna renteinntekt | | 0 |
| 166 660 | Rentekostnad frå foretak i samme konsern | | 0 |
| 2 | Anna rentekostnad | | -85 |
| **-75 941** | **Netto finans** | | **7 712** |
| **-225 850** | **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-19 868** |
| -79 069 | Skattekostnad på ordinært resultat | 7 | 200 220 |
| **-146 780** | **Årsresultat** | | **-220 088** |
| | **Nytting av årsresultat** | | |
| -146 780 | Overført anna eigenkapital | 11 | -220 088 |
| **-146 780** | **Sum nytta årsresultat** | | **-220 088** |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
2A83A27F88E64B4585BEA1C865261431

# Balanse

Sjøtroll Havbruk Sjø AS pr 31.12.2024

**Alle tal i heile NOK 1.000**

| 2024 | | Note | 2023 |
|---|---|---|---|
| | **Eigedeler** | | |
| | **Anleggsmidlar** | | |
| 309 475 | Konsesjonar o.l. | 4 | 309 475 |
| **309 475** | **Sum immaterielle eiendeler** | | **309 475** |
| | **Varige driftsmidlar** | | |
| 10 383 | Maskiner, anlegg o.l | 5 | 0 |
| **10 383** | **Sum varige driftsmidlar** | | **0** |
| **319 858** | **Sum anleggsmidlar** | | **309 475** |
| | **Omløpsmidlar** | | |
| **1 123 618** | **Varer** | 12 | **974 393** |
| | **Fordringar** | | |
| 327 589 | Kundefordringar | 11 | 368 979 |
| 283 585 | Andre fordringar | 12 | 2 307 800 |
| **611 174** | **Sum fordringar** | | **2 676 778** |
| **69** | **Bankinnskot, kontanter o.l.** | | **86** |
| **1 734 861** | **Sum omløpsmidlar** | | **3 651 257** |
| **2 054 718** | **Sum eigedelar** | | **3 960 732** |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.
Document ID:
2A83A27F88E64B4585BEA1C865261431

# Balanse

Sjøtroll Havbruk Sjø AS pr 31.12.2024

**Alle tal i heile NOK 1.000**

| 2024 | | Note | 2023 |
|---|---|---|---|
| | **Eigenkapital og gjeld** | | |
| | **Eigenkapital** | | |
| | **Innskoten eigenkapital** | | |
| 10 000 | Aksjekapital | 13,14 | 10 000 |
| 299 475 | Overkurs | 14 | 299 475 |
| 1 163 028 | Anna innskoten eigenkapital | 14 | 1 034 734 |
| **1 472 503** | **Sum innskoten eigenkapital** | | **1 344 209** |
| | **Opptent eigenkapital** | | |
| -639 290 | Udekka tap | 14 | -492 511 |
| **-639 290** | **Sum opptent eigenkapital** | | **-492 511** |
| **833 213** | **Sum eigenkapital** | 14 | **851 698** |
| | **Gjeld** | | |
| | **Avsetting for forpliktelsar** | | |
| 372 347 | Utsett skatt | 7 | 415 231 |
| **372 347** | **Sum avsetting for forpliktelsar** | | **415 231** |
| | **Kortsiktig gjeld** | | |
| 486 436 | Leverandørgjeld | 8 | 1 853 293 |
| 35 497 | Skyldige offentlige avgiftar | | 281 602 |
| 0 | Betalbar skatt | 7 | 0 |
| 321 626 | Konserngjeld | 12 | 558 907 |
| 5 600 | Anna kortsiktig gjeld | | 0 |
| **849 159** | **Sum kortsiktig gjeld** | | **2 693 803** |
| **1 221 506** | **Sum gjeld** | | **3 109 034** |
| **2 054 718** | **Sum eigenkapital og gjeld** | | **3 960 732** |

Storebø, 07.05.2025

Styreleiar: Helge Singelstad

Styremedlem: Nina Møgster

Styremedlem: Nils Arve Eidsheim

Styremedlem: Frode Møgster

Styremeldem: Karoline Møgster

Styremedlem: Bjarne Reinert

Daglig leiar: Morten Fjæreide

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
2A83A27F88E64B4585BEA1C865261431

## Kontantstraumoppstilling

**Alle tal i heile NOK 1.000**

| 2024 | KONTANTSTRAUM FRA OPERASJONELLE AKTIVITETAR | 2023 |
|---|---|---|
| -225 850 | Ordinært resultat før skattekostnad | -19 868 |
| 0 | Periodens betalte skatt | 0 |
| 0 | Ordinære avskrivingar | 0 |
| -149 225 | Endring i varebehaldning | -171 606 |
| 41 390 | Endring i kundefordringar | -294 883 |
| -1 366 857 | Endring i leverandørgjeld | 168 413 |
| 384 326 | Endring i andre tidsavgrensningar/periodiseringar | 318 030 |
| **-1 316 216** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktiviteter** | **86** |
| | **KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER** | |
| 0 | Innbetalinger ved salg av varige driftsmidlar | 0 |
| -10 383 | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | 0 |
| **-10 383** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **0** |
| | **KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR** | |
| 1 326 582 | Innbetaling av konsernbidrag fra morselskapet | 0 |
| **1 326 582** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **0** |
| -17 | Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l. | 86 |
| 86 | Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 01.01. | 0 |
| **69** | **Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 31.12.** | **86** |

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
2A83A27F88E64B4585BEA1C865261431

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med den norske reknekapslovens bestemmingar.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidlar vert vurdert til lavaste av anskaffingskost og verkelig verdi.
Enkelte poster er vurdert etter andre prinsipp og vert gjort greie for nedafor.

**Varer**

Fisk i sjø er vurdert til laveste verdi av berekna tilvirkingskost, inklusiv finanskostnadar, og verkeleg verdi (estimert netto salsverdi). I tillegg er det foretatt nedskrivning/nedjustering av verdi fisk i sjø ved dødelighet utover normaldødelighet.

**Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar vert ført opp til pålydande etter frådrag for avsetting til forventa tap. Avsetting til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**Inntektsføring**

Driftsinntekter frå salg av varer vert rekna inn i resultatrekneskapen når det vesentlegaste av risiko og fordelar ved eigarskap har gått over til kjøpar, som normalt er på leveringstidspunktet. Driftsinntekter frå utførde tenester vert rekna inn i resultatrekneskapen i forhold til transaksjonane sin fullføringsgrad på balansedagen. Driftsinntekter vert ikkje innrekna dersom det er betydeleg usikkerhet knytta til om forfalte krav vert betalt, dersom det er sannsynlig at varene vert returnert eller i dei tilfelle selskapet har styringsrett over dei leverte varene. Driftsinntektene er fråtrukke avgifter, rabatter, bonusar og øvrige salgskostnader.

**Skattar**

